

Eksamen

23. mai 2017

DTE2001

Produksjon og materialer/ Produksjon og materiale

Programområde: Design og tekstil

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen er på 4 timer.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: modellar vesker
Vedlegg som skal leverast inn	Ingen
Informasjon om vurderinga	<p>Karakteren blir fastsett etter ei heilskapleg vurdering.</p> <ul style="list-style-type: none">• Når du løyser oppgåva, må du skildre vala du gjer, og gi ei grunngjeving.• Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">○ presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkt og forslag til løysing på oppgåva○ trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva○ gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine○ meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter○ bruke døme der det er relevant○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte
Andre opplysningar	

Du er tilsett i eit firma som sel jeansbukser. Firmaet planlegg modellar av vesker til bruk i eigen vindaugsdekorasjon. Målet med dette er å vise og inspirere kundar til kva dei kan redesigne frå jeansbukser.

Du har fått som oppdrag å planleggje produksjonen av eit veskeprodukt. Vel ein av modellane i vedlegg 1 som utgangspunkt for arbeidsteikninga di.

OPPGÅVE 1

- a) Vel ein av veskemodellane som utgangspunkt, og teikn arbeidsteikning av produktet ditt. Du skal gjere ein analyse av arbeidsteikninga. Skriv med stikkord kva produktet inneheld av saumar og detaljar.
- b) Hovudstoffet i modellen er jeansbuksestoff – bomullsfiber med elastan. Forklar og grunngje kvifor dette materialet passar til veska di.
- c) Kva andre materiale og tilbehøyr vil du bruke i produktet ditt? Du skal forklare fiberinnhald i dei andre materiala og i tilbehøret. Du skal grunngje vala dine.
- d) Gjer eit stipulert prisoverslag av materialforbruket ditt til produktet.
- e) Skriv vedlikehaldsmerking av produktet ditt ved bruk av symbol og tekst.

Oppgåve 2

- a) Forklar korleis du vil lage mønsteret til ein detalj som er på veska. Teikn og forklar.
- b) Kor mykje saummonn vil du berekne på mønsteret til detaljen din?
- c) Kor mykje saummonn vil ha på dei andre mønsterdelane til veska?
- d) Kva saumar vil du bruke i produksjon av produktet ditt? Grunngje vala dine, og teikn og forklar ved å bruke teknisk teikning.

Oppgave 3

- a) Skriv ei saumrekkjefølgje der du forklarar korleis du vil produsere modellveska.
Bruk omgrep som er relevante.
- b) Kva pressemetodar vil du bruke i produksjonen?
- c) Kva symaskinnåler vil du bruke i produksjonen?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen er på 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Vedlegg 1: modeller vesker
Vedlegg som skal leveres inn	Ingen
Informasjon om vurderingen	<p>Karakteren fastsettes etter helhetsvurdering.</p> <ul style="list-style-type: none">• Når du løser oppgaven må du beskrive de valgene du tar, og du må grunngi.•• Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å:<ul style="list-style-type: none">○ presentere og bruke fagstoff, og grunngi synspunktene dine og forslag til løsning av oppgavene.○ trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for problemstillingene i oppgavene.○ gjøre greie for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine.○ mestre relevante grunnleggende ferdigheter.○ bruke eksempel der det er relevant.○ bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på en hensiktsmessig måte.
Andre opplysninger	

Du er ansatt i et firma som selger jeansbukser. Firmaet planlegger modeller av vesker til bruk i egen vindusdekorasjon. Målet med dette er å vise og inspirere kunder til hva de kan re-designe fra jeansbukser.

Du har fått som oppdrag å planlegge produksjon av et veskeprodukt. Velg en av modellene i vedlegg 1 som utgangspunkt for din arbeidstegning.

OPPGAVE 1

- a) Velg en av veskemodellene som utgangspunkt og tegn arbeidstegning av ditt produkt. Du skal gjøre en analyse av arbeidstegningen. Skriv med stikkord hva produktet inneholder av sømmer og detaljer.
- b) Modellens hoved stoff er jeansbuksestoff – bomullsfiber med elastan. Forklar og begrunn hvorfor dette materialet passer til din veske.
- c) Hvilke andre materialer og tilbehør vil du bruke i ditt produkt? Du skal forklare fiberinnhold i de andre materialene og i tilbehøret. Du skal begrunne dine valg.
- d) Gjør et stipulert prisoverslag av ditt materialforbruk til produktet.
- e) Skriv vedlikeholdsmerking av produktet ditt ved bruk av symboler og tekst.

Oppgave 2


- a) Forklar hvordan du vil lage mønsteret til en detalj som er på vesken. Tegn og forklar.
- b) Hvor mye sømmonn vil du beregne på mønsteret til din detalj?
- c) Hvor mye sømmonn vil du ha på de andre mønsterdelene til vesken?
- d) Hvilke sømmer vil du bruke i produksjon av ditt produkt? Begrunn dine valg og tegn og forklar ved å bruke teknisk tegning.

Oppgave 3

- a) Skriv en søm-rekkefølge hvor du forklarer hvordan du vil produsere vesken. Bruk begreper som er relevant.
- b) Hvilke pressemetoder vil du bruke i produksjonen?
- c) Hvilke symaskinnåler vil du bruke i produksjonen?

Vedlegg 1





www.vigoiks.no/eksamen